

# PREPARERTE SKILØYPER

På **Kvamskogen** er det nærare 60 km med preparerte skiløyper, dei mest populære går inn Mødalen og Steinskvanndalen. Turløypene vert preparerte så snart det har kome nok snø, vanlegvis i slutten av desember, eller i byrjinga av januar. I starten av sesongen, før det er nok snø i terrenget er det vanlegvis berre Mødalsvegen og Steinskvanndalsvegen som vert preparerte.

er merkte med stipling i kartet preparerte fram til kvar helg/ferie. Løypene som er merkte med punkt vert preparerte ved stabil pent vær. Oppdatert informasjon om når turløypene sist var preparerte finst på [www.kvamskogen.com](http://www.kvamskogen.com), og [www.skisporet.no](http://www.skisporet.no). Forslag til ulike rundturar kan du og lasta ned til din GPS, frå [www.bof.no](http://www.bof.no).

**Dei preparerte løypene** innbyr til rundturar med ulike kombinasjonar og variantar. Løypeforslaga er merkte i kartet med symbolfarge for gradering.

I **helgane** vert løyper som er merkte med heil linje i kartet, stort sett preparerte kvar dag. Om tilhøva er gode vert løypene som



## Forslag til rundturar med omtrentleg tidsanslag utan kvil:

**Jonshøgdi/Leite - Fossdal - Jonshøgdi**, 2,5 timar, 10 km. Frå parkeringsplassen ved Jonshøgdi, rundt på sydsida av Vetlatvatnet og bratt opp mot Heivatnet. Flatare løype rundt Heivatnet og Fossdalsvatnet, retur mot Jonshøgdi i valgfri løype rundt vatna. Løypen på vestsida av Fossdalsvatnet og Heivatnet er ikkje preparert.

**Furedalen - Mødal - Tjødnadalen og retur**, 2,5 timar, 9 km. Frå parkeringa ved Furedalen opp forbi skitrekket, vidare forbi Røde kors hytta og oppover Mødalsvegen til Mødalen. Vidare til botn av Såta (Tjødnadalen).

**Løkjentunet - Mødalstrekket - Husaleitet**, 1,5 time, 4 km. Frå parkeringa ved Løkjentunet eller Ungdomsheimen, langsetter elva og bratt opp mot Husaleitet, retur via Krokavatnet og Gåsabotnen attende til Løkjentunet.

**Tokagjelet - Byrkjesete og retur**, 1 time, 4 km. Frå Tokagjelet eller Ungdomsheimen opp til Byrkjesete og eventuelt vidare til Dusgjel, upreparert vidare til Myklavatn.

**Furedalen - Mødalsbrua - Fossdal - Jonshøgdi - Furedalen**, 3 timar, 8 km. Frå parkeringsplassen ved Furedalen forbi skitrekket og opp Mødalsvegen til Mødalsbrua. Vidare bratt opp til Fossdalsvatnet. Flatt innover forbi Heivatnet og bratt ned til Jonshøgdi. Retur til Furedalen.

**Løkjentunet - Husaleitet - Skånavatni - Tokalgjelet**, 2,5 timar, 9 km. Frå Løkjentunet bratt opp Gåsabotnen til Husaleitet, vidare langsetter Skånavatni, deretter ned til Longvatni, langsetter vatnet tilbake til Løkjentunet.

**NAF'en - Steinskvandalen og retur til NAF'en**, 3 timar, 7 km (kort) og 4 timar, 13 km (lang). Frå parkeringa i Furedalen eller NAF'en attende over veggen frå NAF'en vidare først slakk motbakke mot Røyrli, deretter bratt opp til toppen av skiheisen, vidare innover Steinskvanndalen til Steinskvanndalsvatnet. Retur langs kort løype over Timberhaugen eller langs lang løype om Burknahola. Ei variant av turen startar frå Ungdomsheimen/Leitet. Turen kan og utvidast om Jonshøgdi/Leitet og attende til parkeringa ved Furedalen.

# SKITREKK

**Eikedalenskisenter** ligg i Samnanger kommune og har 6 skitrekk, med 12 alpinløyper på totalt 15 km. Her er ei av dei lengste stolheisane i Nord-Europa opp til høgaste punkt som er 920 m.o.h. Høgforskjella er 470 meter. Skisenteret har flombelyste bakkar med tilbod om kveldskøyring. Staden har stor parkeringsplass, skiskule, skiutleige, fleire varmestover og ein kafeteria. Parkeringsplassen ved skisenteret er og eit godt utgangspunkt for turar til Skeiskvanndalen. Løypa er ikkje preparert og går bratt opp på venstre side av Teigaelvi og flater ut der kjerrevegen sluttar i starten av Skeiskvanndalen.

**Furedalen Alpin** har 2 store skitrekk på kvar 950 m og eit barneskitrekk med tilsyn i skjerna område. Det er 6 alpinbakkar med til saman 7.7 km lengde av ulik vanskegrad. Fallhøgde frå toppen av dei store heisane er 205 m. Høgste punkt er 575 m.o.h. Det er lysløype i heile venstre trase. For dei minste er det eigen akebakke. Skikro og varmestove er ope når anlegget er i drift. Skiutleige med godt utval i både alpin-, telemarkski og brett. Her er og skiskule for born og vaksne i helg og ferie med erfarne instruktørar. Det er stor parkeringsplass i anlegget for alpinistar, og turgåarar ved riksvegen. Parkeringsplassen er og eit mykje nytta utgangspunkt for turar i nedre del av dei preparerte løypene eller vidare til Mødalen og Såta.

Utsikt frå Byrkjefjell mot Tveitakvitingen



**Veteranen på Kvamskogen** må vel seiest å vera **Mødalstrekket**. Dette trekket er ope frå 10.00-16.00 kvar laurdag og sundag samt i vinter- og påskeferien. Trekket kan vera start på skitur og den han tar deg opp i flott turterreng ved Mødalen. Her er det velpreparerte og familievenlege alpine løyper. Elles er her både varmestove med servering samt skiutleige.

**NAF Kro og Camping** tilbyr campinghytter og husvære for dei som ønskjer eit rimeleg overnattingstilbod på Kvamskogen. Campingen har plass for bibil, med eller utan straum. NAF'en har ope heile året. Her er også Kvamskogen Landhandleri, der det er rå og få ferske bakervarer m.m.

Elles er det kort veg til Norheimsund sentrum der både dag og kveldstilboda er gode.

**Aktiven skiheis AS** ligg like ved Ungdomsheimen på Kvamskogen. Aktiven har tilbod for heile familien: 2 skitrekk (å 800 m) med 4 nedfartsløyper, 1 skitrekk (200 m) med 2 nedfartsløyper, 1 barnetrekk (100 m) med 1 nedfartsløype. I tillegg har Aktiven skiutleige og varmestove. Ungdomsheimen er og utgangspunkt for turar i preparert løype til Steinskvanndalen.

# TOPPTURAR UTANFOR PREPARERT LØYPE

**Topptur på ski** har alltid vore populært på Kvamskogen, og etterkvart som utstyret har vorte betre, er det fleire som har oppdaga gleda ved å nytta utsynet frå toppen, for så å suse ned att. Kvamskogen har fleire tradisjonelle område for topptur, den mest populære er til Tveitakvitingen som er ein lang dagstur med flott vidsyn frå toppen.

lendefjell på nordsida av dalen er og ein flott topp, lettaste turen opp er frå Steinskvanndalen. Dei som ynskjer lengst tid i fallina og flest høgdemeter går gjerne direkte opp på Byrkjefjell og vidare til lendefjell. I dette området er det høve til brattkjøyring på ski. Vurder forholda og skredfaren før du legg ut på ei slik tur.

## Forslag til turar med omtrentleg gangtid utan kvil:

- Furedalen - Tveitakvitingen** – 4 timar opp – 1299 m.o.h – UTM toppunkt: 294 919
- Jonshøgdi - Byrkjefjell** – 3 timar opp – 1046 m.o.h – UTM toppunkt: 334 099
- Jonshøgdi - lendefjell** – 4 timar opp – 1260 m.o.h – UTM toppunkt: 344 034
- Tokagjel - Fuglafjell** – 4 timar opp – 1334 m.o.h – UTM toppunkt: 375 044

# TURLØYPER SOMMAR

**Dei mest populære sommarturane** på Kvamskogen er til Mødal, Såta og Tveitakvitingen på sydsida av dalen og Steinskvanndalen på nordsida. Turforslag med gangtid utan kvil, er teikna inn på kartet og merkte med nummer. Stiane er gått opp med GPS. Har du GPS kan du lasta ned ruta frå [www.bergenoghordalandturlag.no](http://www.bergenoghordalandturlag.no). Hjå Bergen og Hordaland Turlag kan du i tillegg til karta og kjøpa turbøker som til dømes Stølsturar og fjellturar i Kvam.

Det er og merkt løype mot Bergsdalsfjella, med fine tilhøve for helgeturar. Legg du ut på helgetur kan turkartet over Kvamskogen og Bergsdalen gjeve, ut i 2006 vera nyttig. Meir informasjon om merka stiar og overnatting i Bergsdalsfjella finn du på [www.bergenoghordalandturlag.no](http://www.bergenoghordalandturlag.no). Hjå Bergen og Hordaland Turlag kan du i tillegg til karta og kjøpa turbøker som til dømes Stølsturar og fjellturar i Kvam.

## Forslag til dagsturar med omtrentleg gangtid utan kvil:

- Kvamseter - Tordalen**, 1 time, 1,5 km tur/retur,
- Jonshøgdi - Fossdal**, 3 timar, 3 km tur/retur
- Furedalen - Mødalsveien - Fossdal**, 2 timar, 4 km tur/retur
- Furedalen - Heivatnet rundt og retur**, 2 timar, 3 km
- Furedalen - Mødalsveien - Mødal - Tjødnadalen**, 2,5 timar, 7 km tur/retur
- Eikedalen - Gamlestølen - Dalagjel - Jonshøgdi**, 3 timar, 4 km
- Ungdomsheimen - Steinskvanndalen - Øvre Kvanndalen**, 2,5 timar, 8 km t/r
- Tokagjelet - Byrkjesete - Myklavatn**, 3,5 timar, 6 km tur/retur
- Tokagjelet - Grønli - Holsete**, 6 timar, 10 km tur/retur
- Furedalen - Mødalsveien - Teitakvitingen**, 7 timar, 18 km tur/retur
- Byrkjefjell og lendefjell**, 5-6 timar, 14 km tur/retur



Utdanning: Arstad vidaregåande skole - Trykk: Bodoni.  
Foto: Bergen og Omland Fritidsråd. Kartet er utarbeid av Bergen og Omland Fritidsråd.  
Bergen og Omland Fritidsråd i 2017, med støtte frå Hordaland fylkeskommune og Kvamskogen Vel.



www.kvamskogen.com  
www.bof.no  
www.kvamskogen-vel.no  
www.skisporet.no/kvamskogen

## NYTTIGE NETTADRESSER




**Allemannsretten** er eit gæltis fellesgode. Retten er litta på omsynsfull framferd overfor grunneigarar, andre brukarar og respekt for naturmiljøet. Hugs å ta med deg alt søppel heim igjen, praktiser sporlaus ferdsle.


- Hi alltid med kart, kompass og eventuelt GPS- og lær deg korleis du brukar det.
- Kie deg etter forholda og hugs at veret kan vere urutsigbart. Ta alltid med ekstra tøy.
- Det er forbod mot å ferdast i naturen med motorfartøytøy.
- Ver varsam med eidd, hugs at det er generelt båtforbod i tida 15. april til 15. september.
- Hund skal haldast i band der bulte beiter, det er generell bandvang mellom 1. april og 20. august.
- Vile bær og sopp kan fritt plukkast.
- Jakt og fiske i ferskvann og vassdrag inngår ikkje i allemannsretten. Retten ligg hja grunnneigarar, som må gje løyve. Fiskekort kan kjøpast lokalt. Det er lov å fiske med handsnøre. Gærtske er ulovleg, med få unntak. Før du byrjar å fiske må du selja deg inn i dei lokale fiskeglaene.



Ein av dei mest populære skiturane på Kvamskogen går via Mødal til Såta.



Eikedalen



Kvamskogen har rundt 1600 hytter og campingvognplasser med 400 vogner.



# ALLEMANNSRETTE

# KVAMSKOGEN